



Nasjonalpark i Øystesefjella

Vår dato:  
07.03.2022

Vår ref.:  
2021/17183

Til:

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Magnus Johan Steinsvåg, 5557 2325

Kopi til:

## Referat frå orienteringsmøte om nasjonalpark i Øystesefjella

*Tid og stad:* 1. mars 2022, rådhuset i Norheimsund.

*Frammøtte:* Frå Kvam herad: ordførar Torgeir Næss, Anita Hesthamar, Jon Nedkvitne og Jan Tjosås.  
Frå Vaksdal kommune: varaordførar Kjartan Haugsnes og Tore Henrik Øye.

Frå Statsforvaltaren i Vestland: Kjell Kvingedal og Magnus Johan Steinsvåg (referent).  
Samnanger kommune hadde forfall både frå ordførar og varaordførar.

Statsforvaltaren i Vestland har fått nye oppdrag i embetsoppdraget for 2022. Dette dreier seg mellom anna å førebu prosessane omkring oppretting av tre nye nasjonalparkar med tanke på mogleg realisering i framtida. Eit av desse områda er Øystesefjella som nasjonalpark.

Føremålet med møtet var å informere på eit tidleg tidspunkt om kva planane inneberer, og kom i stad etter innleiande telefonsamtale mellom Kvingedal og ordførarane i dei tre kommunane.

Ordførar i Kvam herad orienterte kort om bakgrunn for brevet datert 3. desember 2021, der han etterspurde informasjon og høve for medverknad etter at det i media vart omtalt at Øystesefjella skulle bli nasjonalpark. Omtalen i media var knytt til valkampen i 2021, og var ikkje presis på kva oppdraget gjekk ut på.

Det er så langt ikkje snakk om å formalisere ein prosess, men Statsforvalteren har i første omgang fått i oppdrag å ta kontakt med vertskommunane for å få klargjort i kva grad det er interesse i kommunane til at det vert starta opp ein prosess for å vurdere det faglege grunnlaget for eit eventuelt vern i framtida. Dette informasjonsmøtet er det aller første i steget i ein slik prosess.

Om prosessen skal vidareførast fram mot eit eventuelt vernevedtak, vil det avhenge av tilstrekkeleg lokal aksept i kommunane. Involvering og medverknad vil vere heilt avgjerande for resultatet, og dette er viktige føringar for Statsforvaltaren i sitt arbeid i slike saker.

Kjell Kvingedal og Magnus Johan Steinsvåg presenterte i grove trekk kva som er formidla i oppdragsbreva til embetet. Arbeidet er i tidleg fase, der ein så vidt har teke fatt på steg 2 i ein prosess som på minst 13 steg.

På oppdrag frå Miljødirektoratet gjennomførte Statsforvaltaren ei naturfagleg vurdering og identifisering av område som kan bidra til å nå Stortinget sitt mål om representativt vern av norsk natur. Det var som svar på dette oppdraget i 1. februar 2019, at Statsforvaltaren rapporterte på at Øystesefjella kunne eigna seg som nasjonalpark eller landskapsområde. Fordi det generelt har vore lite utbyggingspress i fjellområdet, har det vore få kartleggingar av naturmangfold her. Derfor er også kunnskapsgrunnlaget førebels dårlig. Ein svært viktig kvalitet er at det er store inngrepssfrie areal. I tillegg er det stadvis registrert kalkrike område som gjev grunnlag for rik flora.



Vern av skog er ikkje ein del av mandatet for dette oppdraget, då skog i lengre tid blir verna gjennom ordninga frivillig skogvern. Derfor vil det mest berre vere fjellområda som kan vurderast vidare i dette arbeidet.

Når det gjeld erstatning ved eit eventuelt vern, er grunnregelen at dersom pårekneleg bruk vert forbode eller vanskeleggjort som følgje av eit vernevedtak, skal dei tapte rettane erstattast. Ved vern av område som nasjonalpark eller landskapsvernområde, vil ein i hovudsak kunne bruke områda som før til beiting, jakt, friluftsliv og elles vedlikehald av eksisterande bygningar og anlegg.

Statsforvaltaren ønskjer å få tilbakemelding frå dei tre aktuelle kommunane om korleis dei ser på initiativet, og om dei ønskjer at arbeidet med å kartlegge potensialet kan ta til. Vi ønskjer derfor å orientere kommunestyra om arbeidet i Kvam herad 24. mai, Samnanger kommune 7. april og Vaksdal kommune 10. mai.

På møtet vart det semje om at det hadde vore fint om Statsforvaltaren kunne ha informert grunneigarlag og andre rettshavarar før møta i kommunestyra. Dei respektive kommunane bistår Statsforvaltaren med grunneigarlister. Etter grunneigarmøter og møter i kommunestyra, ønskjer vi å ta kontakt med interesseorganisasjonar og andre aktuelle instansar som ein del av det vidare arbeidet.

Det vil alltid vere ulike grunnar for og i mot vern. Eit vanleg motargument er at eit vern er for alltid og at ein såleis kan gå glipp av moglegheiter i framtida ein ikkje kjenner til i dag. Argument for kan vere at det generelle «arealvernet» i fjellet står sterkt sjølv utan vern i dag, og «nasjonalpark» er eit klart kvalitetsstempel som også kan gje nye moglegheiter. Ved vern vil det også opne seg opp fleire inngangar for finansiering for ulike tiltak, alt frå tilrettelegging turstiar, skilting, parkering, restaurering av bygningar og skjøtsel av naturtypar for å nemne noko. Verneområde vil og verte forvalta lokalt i eit verneområdestyre med representantar frå kommunane og fylkeskommunen.

Vi ser fram til vidare arbeid denne våren med prosessen for Øystesefjella nasjonalpark.